

Møteinnkalling

| | |
|------------------|---|
| Utval: | Yrkesopplæringsnemnda |
| Møtestad: | Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården, Agnes Mowinckelsgate 6 |
| Dato: | 28.05.2019 |
| Tid: | 10:00 |

Program

K 10:00 - Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Roger Pilskog
leiar

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|--|-------------------------|---------------|
| PS 19/19 | Godkjenning av møteinnkalling og saksliste | | |
| PS 20/19 | Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.05.2019 | 2019/371 | |
| PS 21/19 | Referatsaker (meldingar) | | |
| PS 22/19 | Ymse | | |
| PS 23/19 | Samarbeid mellom fagskulane i komande Vestland og Høgskulen på Vestlandet | 2019/10893 | |
| PS 24/19 | Oppfølging av verbalpunkt frå fylkestinget - internkontroll i lærebedrifter | 2019/11230 | |
| PS 25/19 | Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2019 | 2016/4130 | |

PS 19/19 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2019/371-4
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------------|--------|------------|
| Yrkesopplæringsnemnda | 20/19 | 28.05.2019 |

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.05.2019

Forslag til vedtak

Møteboks frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 07.05.2019 vert godkjent.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården, Agnes Mowinckelsgate 6
Dato: 07.05.2019
Tidspunkt: 10:00 – 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|------------------|
| Roald Stenseide | Medlem | FRP |
| Birgitte Svanevik | Medlem | NHO |
| Sølvi Olrich Sørebo | Medlem | KS |
| Roger Pilskog | Leiar | LO |
| Atle Rasmussen | Medlem | LO |
| Vilde Stokken | Medlem | Lærlingrepr.vara |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------|-----------|---------------|
| Anne Gine Hestetun | Medlem | A |
| Tom Knudsen | Nestleiar | NHO |
| Rita Jordal | Medlem | LO |
| Fredrik Øsleby | Medlem | Lærlingrepr. |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---------------------|--------------------|---------------|
| Thor André Ljosland | Anne Gine Hestetun | KRF |

Merknader

Emil Gadolin, leiar for opplæring og helse deltok i møte
Sigrid Isdal, elev- og lærlingombod deltok i møte

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|--------------------|-----------------------------|
| Torbjørn Mjelstad | Fagopplærings sjef |
| Anne Sara Svendsen | Leiar bedrift og formidling |
| Tor Ivar Sagen | Seniorrådgjevar |
| Hege Osebakken | Spesialrådgjevar |
| Ann-Magritt Juvik | Som sekretær |

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|------------------|--|-----------------|--------|
| PS 13/19 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| PS 14/19 | Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 04.03.2019 | 2019/371 | |
| PS 15/19 | Referatsaker (meldingar) | | |
| RS 3/19 | Nedleggelse av programområdet automasjon | 2018/16397 | |
| RS 4/19 | Administrative vedtak i klassestrukturen skuleåret 2019/20 | 2018/16397 | |
| PS 16/19 | Ymse | | |
| PS 17/19 | Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2019/20 - prognoseinntaket | 2018/16397 | |
| PS 18/19 | Auka gjennomføring og fleire ut i lære - erfaringar og tilrådingar | 2017/1228 | |

PS 13/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 14/19 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 04.03.2019

Forslag til vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 04.03.2019 vart godkjent.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 04.03.2019 vart godkjent.

PS 15/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Vedtak

RS 3/19 og 4/19 vart tatt til orientering.

PS 16/19 Ymse

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Vedtak

Ikkje noko til ymse.

PS 17/19 Justering av tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2019/20 - prognoseinntaket

Forslag til innstilling

Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2019/20

| Skule | Utdanningsprogram/programområde |
|-------------------------------|---|
| Askøy vidaregåande skole | Vg2 Data og elektronikk |
| Austevoll vidaregåande skule | Vg1 Studiespesialisering |
| Bømlo vidaregåande skule | Vg2 Sal, service og tryggleik |
| Knarvik vidaregåande skule | Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar |
| Kvam vidaregåande skule | Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar |
| Kvinnherad vidaregåande skule | Vg1 Service og samferdsel |
| Kvinnherad vidaregåande skule | Vg2 Industriteknologi |
| Laksevåg vidaregåande skole | Vg2 Industriteknologi |
| Laksevåg vidaregåande skole | Vg3 Elektrofag m/ studiekompetanse |
| Odda vidaregåande skule | Vg2 Kjøretøy |
| Slåtthaug vidaregåande skole | Vg2 Automatisering |
| Sotra vidaregåande skule | Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar |
| Sotra vidaregåande skule | Vg1 Design og handverk |
| Stord vidaregåande skule | Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse |
| Stord vidaregåande skule | Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar |
| Voss gymnas | Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar |
| Voss gymnas | Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar |
| Voss gymnas | Vg2 Blomsterdekoratør |
| Voss gymnas | Vg2 Frisørfag |
| Årstad vidaregåande skole | Vg2 Laboratoriefag |
| Åsane vidaregåande skole | Vg2 Industriteknologi |
| Åsane vidaregåande skole | Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar |

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Roger Pilskog sette fram likt forslag på vegne av LO/NHO:

«Y-nemnda slutter seg til innstillingen.

Flere av tilbudene som legges ned etterspørres av arbeidslivet. Y-nemnda ber på denne bakgrunn om at disse tilbudene er søkbar ved neste utlysning, samt at en går gjennom tilbudsstrukturen innenfor disse fagene spesielt, for å sikre tilgangen på arbeidskraft som arbeidslivet etterspør i alle regioner.

Y-nemnda viser til politiske mål om at skolenes tilbud skal dimensjoneres i forhold til tilgjengelige læreplasser. Kompetanseforum Hordaland ved Samarbeidsarena Nordhordland/ Osterøy, tilbydde læreplassgaranti ved sine tre skoler forutsatt dialog med Hordaland fylkeskommune om dimensjonering av tilbud i forhold til arbeidslivets behov. Y-nemnda ber at det settes fortgang i arbeidet, og ser positivt på at det er avtalt møte.»

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Y-nemnda sluttar seg til innstillinga.

Flere av tilboda som leggst ned etterspørjast av arbeidslivet. Y-nemnda ber på bakgrunn av dette om at desse tilboda er søkbare ved neste utlysning, samt at ein går særskild gjennom tilbudsstrukturen innanfor desse faga, for å sikre tilgangen på arbeidskraft som arbeidslivet etterspør i alle regionar.

Y-nemnda viser til politiske mål om at skulane sine tilbod skal dimensjonerast i høve til tilgjengelege læreplassar. Kompetanseforum Hordaland ved Samarbeidsarena Nordhordland/ Osterøy, tilbydde læreplassgaranti ved sine tre skular så fram dialog med Hordaland fylkeskommune om dimensjonering av tilbod i forhold til arbeidslivet sine behov. Y-nemnda ber at det setjast fortgang i arbeidet, og ser positivt på at det er avtalt møte.

PS 18/19 Auka gjennomføring og fleire ut i lære - erfaringar og tilrådingar

Forslag til innstilling

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsettingsklare for læreplass.
2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot læreplass

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsettingsklare for læreplass.

2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot læreplass

PS 21/19 Referatsaker (meldingar)

PS 22/19 Ymse



Arkivnr: 2019/10893-1
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------|--------|------------|
| Yrkesopplæringsnemnda | 23/19 | 28.05.2019 |
| Utval for opplæring og helse | | 04.06.2019 |
| Fylkesutvalet | | 20.06.2019 |

Samarbeid mellom fagskulane i komande Vestland og Høgskulen på Vestlandet

Samandrag

Fagskulen i Sogn og Fjordane, Fagskolen i Hordaland og Høgskulen på Vestlandet arbeider med ein strategisk samarbeidsavtale / intensjonsavtale om mellom anna betre utnytting av opplæringsutstyr, lokale, investeringar, etter- og vidareutdanning med meir. Med bakgrunn i dette arbeidet sette Roald Kvamme (A) fram følgjande oversendingsforslag i fylkesutvalet 21.02.2019. Gjennom samarbeidsavtalen skal skulane arbeide vidare med å konkretisere kva fagområde samarbeidet skal rette seg mot og korleis det skal gjennomførast. Ein ser føre seg at dette skal vere ein overordna strategisk avtale som dannar grunnlag for eit langvarig samarbeid som skal utvikla seg i åra som kjem. Utvikling av arbeidsstyrken i Vestland fylke er ei hovuddrivkraft både for Høgskulen på Vestlandet, Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Det er derfor eit felles ønske frå utdanningsinstitusjonane å utgreie i kva grad ein kan utvikle samfunnsoppdraget gjennom eit strategisk samarbeid.

Økonomi: Deling av undervisningsutstyr og lokale kan føre til mindre kostnader til investeringar.

Klima: Deling av undervisningsutstyr og lokale kan gje positive klimavinstar grunna færre innkjøp.

Folkehelse: Ingen kjent effekt.

Regional planstrategi: Samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane er i tråd med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft sitt overordna mål om å betre balanse mellom tilbod og etterspurnad i høve til kompetanse og arbeidskraft, gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.04.2019

Fagskulen i Sogn og Fjordane, Fagskolen i Hordaland og Høgskulen på Vestlandet arbeider med ein strategisk samarbeidsavtale / intensjonsavtale om mellom anna betre utnytting av opplæringsutstyr, lokale, investeringar, etter- og vidareutdanning med meir. Med bakgrunn i dette arbeidet sette Roald Kvamme (A) fram følgjande oversendingsforslag i fylkesutvalet 21.02.2019:

«Fagskulen i Hordaland er invitert til å utgreia eit utvida samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og fagskulen i Sogn og fjordane. Intensjonen med samarbeidet er mellom anna betre utnytting av opplæringsutstyr, lokale, investeringar og lærekrefter. I tillegg skal det leggast til rette for sømlause overgangar mellom fagskuleutdanning og høgskuleutdanning, styrka etter- og vidareutdanningstilbod samt styrka samarbeid med næringsliv i offentlege verksemder. Fylkesutvalet ber administrasjonen koma med ei sak om dette til vidare politisk handsaming, som synleggjer korleis dette kan gjennomførast.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen utan realitetsbehandling.

Høgskulen og dei to fagskulane arbeider no med å utvikle ein overordna strategisk samarbeidsavtale innan fire områder:

1.Utdanningsstrategiar og rekruttering:

- Utvikle fleksible utdanningsmodellar og styrkar overgangane i utdanningsløpa.
- Møte ulike utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft i regionen.
- Styrke rekrutteringsprofilen til yrkes- og profesjonsutdanningane i Vestland fylke.
- Utdanna fleire ingeniørar, også med fagbrev.

2.Innovasjon, forskning og utvikling:

- Imøtekome næringsliv og offentlig sektor sitt behov for auka utviklings- og omstillingstakt.
- Stimulere til tverrfagleg samarbeid mellom studentar, fagdisiplinar og tettare integrasjon med nærings- og samfunnsliv.
- Styrka opplæring i innovasjon.
- Etablere felles møteplassar mellom studentar og nærings- og samfunnsliv.

3.Etter- og vidareutdanning:

- Meir fleksible etter- og vidareutdanningstilbod, bl.a. gjennom auka «modulisering» av utdanningsprogramma og legge til rette for «kryssløp» mellom ulike utdanningsprogram.
- Utnytte digitalt potensiale m.o.t. kunnskapsdeling, kunnskapsformidling og felles digital infrastruktur som t.d. digital plattform.
- Nytte undervisningskompetanse frå arbeidslivet.
- Betre tilrettelegging for bedriftsintern opplæring.
- Teste ut ulike former for desentralisert undervisning for å auke bruken av etter- og vidareutdanningstilbod.

4.Undervisningsutstyr og lokale

- Legge til rette for betre ressursutnytting av opplæringsutstyr og lokale.
- Vurdere felles investeringar ved samanfallande behov.
- Legge til rette for at studentar og tilsette har kompetanse og nyttar laboratoria og utstyr som ein møter i arbeidslivet.

Gjennom samarbeidsavtalen skal skulane arbeide vidare med å konkretisere kva fagområde samarbeidet skal rette seg mot og korleis det skal gjennomførast. Ein ser føre seg at dette skal vere ein overordna strategisk avtale som dannar grunnlag for eit langvarig samarbeid som skal utvikla seg i åra som kjem.

Det er rektorane ved fagskulane og ved høgskulen som vil signere den strategiske avtalen mellom dei tre utdanningsinstitusjonane. Jf. fagskulelova er det fagskulestyret som har kompetanse og mynde innanfor dei økonomiske ramma som skuleeigar har gitt. Dersom skulane eller styra ser behov for samarbeid eller investeringar som ikkje kan gjennomførast innanfor dei ramma fagskulane har, må dette løftast vidare til fylkeskommunen for å avklarast politisk.

Fylkestinget er skuleeigar for Fagskolen i Hordaland og har kompetanse til å:

- Vedta styrevedtekter
- Å velje eit styre
- Fastsetje budsjetttrammer
- Avsetje styret

I tillegg kan skuleeigar gje styringssignalar gjennom til dømes prinsipielle saker, ekstra budsjettløyvingar eller regionale planer. Det er viktig at fylkeskommunar nyttar seg av moglegheita til å gje styringssignalar og forventningar til styret for fagskulen i tråd med viktige strategiske val for regionen knytt til kompetanse- og næringsutvikling. Dette har Hordaland fylkeskommune gjort mellom anna gjennom Regional plan for kompetanse og arbeidskraft og Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, og arbeidet med samarbeidsavtalen er langt på veg ei oppfølging av dette. I samband med regionreforma og den komande kompetansereforma vert dette enda viktigare i framtida. Regionane vil få eit betydeleg ansvar i høve til å imøtekomme arbeidslivet sitt kompetansebehov.

Overordna føringar i nasjonal kompetansepolitisk strategi legg vekt på vidareutvikling av samarbeidet mellom opplærings- og utdanningstilbydarar og arbeidslivet, for å gjere utdanninga meir relevant og for å gi betre tilgang på kvalifisert arbeidskraft i alle regionar. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland har som overordna mål å betre balanse mellom tilbod og etterspurnad i høve til kompetanse og arbeidskraft gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Verdskapsplanen for Sogn og Fjordane har som mål å etablere ein målretta dialog mellom industrien, FoU- og utdanningssystemet og offentlege styresmakter for å avdekke framtidige kompetanse- og arbeidskraftbehov.

Delar av det framtidige Vestland fylke og ulike bransjar møter ulike utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft i åra framover, og behov for kompetanseutvikling i eigen arbeidsstyrke. Rekrutteringsproblem innanfor offentleg tenesteyting vil kunne få konsekvensar for kvaliteten på tenestene som innbyggjarane i fylket blir tilbydt, og vedvarande rekrutteringsproblem i næringslivet kan hemme vekstpotensialet som verksemdene har.

Utvikling av arbeidsstyrken i Vestland fylke er ei hovuddrivkraft både for Høgskulen på Vestlandet, Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane. Det er derfor eit felles ønske frå utdanningsinstitusjonane å utgreie i kva grad ein kan utvikle samfunnsoppdraget gjennom eit strategisk samarbeid.

Døme på samarbeid i dag

Fagskolen i Hordaland har eit godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet i dag gjennom mellom anna overgangsordningar og samarbeid mellom fagmiljøa innan nokre av dei tekniske fagretningane. Fagskulen og høgskulen har avtale om overgangsordning innan elkraft, maskinteknikk og automatisering. Dette er ein såkalla 2+2 ordning, der studentane går to år på fagskulen og får ekstra matematikk og fysikk, og deretter kan få fritak for 60 studiepoeng på fyrste studieår til ein bachelor. På Stord er det også, i samarbeid med industrien, utvikla eit masterprogram for teknikarar som vel å studera vidare etter ein fagskulegrad og ein bachelorgrad.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har også eit utstrakt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet mellom anna om deling av utstyr og lokale på Campus Førde verftet. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane og høgskulen

arbeider saman med andre aktørar om å etablere eit utviklingsprosjekt gjennom selskapet Campus Førde verftet AS. Utviklingsprosjektet skal leggje til rette for felles bruk og utnytting av laboratorium og infrastruktur, arbeide med rekrutterings- og utdanningsstrategiar, kurs- og opplæringsaktivitetar, innovasjon, forskning og utvikling. Vidare vil fylkestinget i Sogn og Fjordane løyve kr 15 mill. til investeringar gjennom selskapet.

I tillegg til dei nemnte overgangsordningane over har dei maritime fagskulane, høgskulane og universiteta inngått ein avtale om overgang frå maritim fagskuleutdanning til maritim høgskule og universitetsutdanning.

Overgangsordningar

I Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskuleutdanning har regjeringa mellom anna vedteke at det skal leggjast til rette for høvelege overgangar frå fagskule til anna høgare utdanning. Føremålet er at dei som ønskjer og har behov for vidare utdanning etter fagskule skal ha moglegheit til det, og at arbeidslivet skal få dekt naudsynt kompetansebehov.

Studiebarometeret for fagskuleutdanning i 2018 syner at om lag 20 % av fagskulestudentane som svarte på undersøkinga ønskjer vidare utdanning ved universitet eller høgskule innan følgjande fagområder:

- Helse (18 %)
- Teknisk (22 %)
- Samferdsel og sikkerhet (16 %)

Dette er tal ein kjenner igjen frå Fagskolen i Hordaland i høve til kor mange innan dei tekniske fagretningane som går vidare til ein bachelor etter fagskule. Ein ser også at i regionar der det er lagt til rette for gode overgangar så er det fleire som nyttar seg av dette, enn i regionar som det ikkje er etablert slike ordningar. Dette kan tyde på at nærleik til utdanningsinstitusjonar som har gode overgangsordningar er viktig. Hordaland peikar seg ut positivt med gode overgangsordningar.

Vinstar av ein strategisk samarbeidsavtale

Eit styrka og nærare samarbeid mellom høgskulen og fagskulane som skissert i innleiinga vil gje store vinstar for vestlandsregionen, og dette vil det verte gjort greie for vidare i høve til dei 4 samarbeidsområda.

Utdanningsstrategiar og rekruttering

Gode og høvelege overgangsordningar mellom fagskule og høgskule bidrar til at arbeidslivet får høg teoretisk og praktisk kompetanse. Arbeidslivet gjev svært gode tilbakemeldingar på ei slik kombinert praktisk og teoretisk kompetanse som er viktig i ei tid med høg utviklingsstakt. Dette er personar som har starta med eit fagbrev og fått god praktisk erfaring, deretter fullført ei toårig teknisk fagskule med teori som byggjer på fagbakgrunnen, for deretter å ytterligare spesialisera den teoretiske kompetanse gjennom ein bachelorgrad på høgskulen. Som nemnt eksisterer det nokre slik overgangar i dag, men det er ønskjeleg å utvikle fleire, og også sjå på moglegheita for fleire overgangar når ein utviklar nye utdanningar.

Gode overgangsordningar vil også kunne bidra til å styrka rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa ved å synleggjere vidare utdannings- og utviklingsmoglegheiter for dei som vel yrkesfag. Auka rekruttering i fag- og yrkesopplæringa kan gje auka rekruttering til fagskulen, og vidare auka rekruttering til profesjonsutdanningane. Dette er i tråd med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft som mellom anna har eit hovudmål om å betre samordning på tvers av utdanningsnivåa for å sikre meir gjennomgåande og heilskaplege utdanningsløp.

Innovasjon, forskning og utvikling

For å imøtekomme næringslivet og offentleg sektor sit behov for auka utviklings- og omstillingstakt ønskjer skulane å arbeida saman om å vere tettare på arbeidslivet gjennom t.d. tverrfaglege samarbeid mellom studentar, fagdisiplinar og tettare integrasjon med nærings- og samfunnsliv. Fagskulstudentane avsluttar ei teknisk fagskuleutdanning med eit hovudprosjekt som vert gjennomført i samarbeid med ei verksemd eller

offentleg arbeidsgjevar. Fleire av hovudprosjekta bidrar til utvikling av nye løysingar som kjem arbeidslivet til gode. Arbeidslivet etterspør tverrfagleg kompetanse og forståing, og gjennom felles studentprosjekt (hovudprosjekt og bacheloroppgåve) på tvers av utdanningsinstitusjonane eller fagdisiplinar kan ein bidra til ny kompetanse og auka innovasjon.

Vidare er ønskjer fagskulane og høgskulen saman å arbeide strategisk med å kome enda tettare på arbeidslivet for å avdekkje og imøtekome regionen sitt kompetansebehov.

Etter- og vidareutdanning (EVU)

Det er eit hovudmål i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft at arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov. Planen seier vidare; «Kompetansen i arbeidslivet må oppdaterast og vidareutviklast for å sikre innovasjon, konkurransekraft og verdiskaping. Difor er det viktig å leggje til rette for at arbeidstakarane, både i privat og offentlig sektor, får den kompetansehevinga som er påkravd. Det er eit stort potensiale for å vidareutvikle etter- og vidareutdanningstilbodet i Hordaland, både sentraliserte og desentraliserte tilbod, men dette må gjerast i tett samarbeid med arbeidslivet.»

Jf. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft har Hordaland mange små og mellomstore verksemdar der det er krevjande å leggje til rette for etter- og vidareutdanning for tilsette. Det er vanskeleg for desse verksemdene å identifisere kva kompetanse dei treng for å ha naudsynt konkurransekraft i eit samfunn med høg endringstrakt, og i tillegg er det krevjande å finansiera EVU for sine tilsette når vinsten av ei slik investering ligg fram i tid. Høgskulen og fagskulane ønskjer å gjere ein felles innsats for å avdekkje behovet for EVU i regionen, og utvikle fleksible tilbod der ein fagleg kan utfylle kvarandre. Skulane sin bruk av digitale læringsverktøy vil vere viktig i dette arbeidet, og gje gode erfaringar i høve til korleis ein kan nå ut til fleire med EVU.

Undervisningsutstyr og lokale

Det er eit stort behov for å investere i nytt undervisningsutstyr ved dei tekniske fagskulane, og ved t.d. ingeniørutdanningane ved høgskulen. Det er eit krav innan høgare utdanning at ein held seg oppdatert i høve til arbeidslivet sin teknologiske utvikling og kompetansebehov. Det er noko samarbeid mellom Fagskolen i Hordaland og Høgskulen på Vestlandet om bruk av utstyr, men dette kan med fordel utvidast.

Fagskolen i Hordaland har takka vere Hordaland fylkeskommune sine prioriteringar og nasjonale utviklingsmidlar til fagskuleutdanning investert i mykje nytt undervisningsutstyr dei siste åra. Skulen er godt utstyrt i nasjonal målestokk, men det er framleis eit stort behov. Utstyret det er behov for er kostnads-krevjande både i høve til innkjøp og vedlikehald. Samtidig ser ein at det gode utstyret som fagskulane og høgskulen har, kunne vert nytta meir (høgare bruksgrad). Ved å etablere eit samarbeid om deling av undervisningsutstyr vil ein kunne auka bruksgraden ved alle dei tre utdanningsinstitusjonane, samtidig som ein kan redusera behovet for å kjøpe inn meir nytt utstyr kvar for seg. Ein kan også vurdera felles investeringar slik som er gjort ved Campus Førde verftet.

Deling av undervisningsutstyr og lokale på tvers av utdanningsinstitusjonane vil også kunne leggje til rette for fagleg samarbeid mellom fagmiljøa og studentane. Skulane kan også samarbeide om opplæring i bruk av utstyret og sikre god kunnskap og kompetanse i utviklinga av undervisningsopplegg. Det er mange likskaper mellom dei tekniske fagskuleutdanningane og ingeniørutdanningane i høve til det teknologiske kompetansenivået, og dette bør ein nytte seg av.

Konklusjon

Gjennom Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskuleutdanning har stortinget vedteke ei rekke tiltak som skal bidra til å styrka fagskuleutdanningane, auka rekruttering og tilgang til fagskuleutdanning, og betre finansieringa. Gjennom ny lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova) er det også lagt til rette for at studentar skal få styrka rettar på lik line med universitets- og høgskulestudentane. Fagskulen som skuleslag vert gjennom lov og forskrifter meir og meir lik anna høgare utdanning i høve til krav til kvalitet, dokumentasjon og administrasjon. Samtidig vert fagskulane meir og meir ulik vidaregåande skular som

følgjer opplæringslova og nasjonalt læreplanverk gitt av Udir. Fagskulane er som høgskular og universitet, ansvarleg for å utvikle, vedlikehalde og oppdatere eigne studieplanar. Det er Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) som gjev fagskulane akkreditering for utdanningar eller fagområde. Og det er det nye Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgere utdanning (Diku) som er ansvarleg for å styrka kvaliteten i norsk utdanning (både høgskule-, universitets- og fagskuleutdanning).

Den pågåande transformasjonen av fagskulesektoren som gjer skulane meir lik universitets- og høgskulesektoren i høve til kvalitet og administrasjon er naudsynt for å løfta sektoren vidare, men det er samtidig svært viktig at fagskuleutdanningane skal stå på eigne bein. Sjølv om ein legg til rette for gode overgangsordningar, samstiller krava til kvalitet på tvers av skuleslaga og gjer høgare utdanning meir harmonisert, så skal fagskuleutdanningane fortsatt vere ei ikkje-akademisk utdanning med høg yrkesrelevans. Det som gjev høgare yrkesfagleg utdanning sitt særpreg skal ein framleis reindyrka og utvikle vidare.

Om ein ser til andre land i Europa opererer eit fleirtal med differensierte høgare utdanningssystem der tradisjonelle universitet ligg side om side med institusjonar med klar yrkes- og profesjonsretting (Tyskland, Sveits, Belgia, Frankrike, Nederland, Finland etc.). I nokre får land (t.d. Norge og Storbritannia) ser ein at det veks fram «einsarta» høgare utdanning med ein forankring i den tradisjonelle universitetssektoren (kjelde: CEDEFOP). I Noreg ligg fagskuleutdanninga på nivå 5 i European qualifications framework (EQF) og Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), medan ein i Tyskland og Østerrike finn mesterbrev på nivå 6 i EQF. I Tyskland kjem også ny BerufsMeister utdanning på nivå 7. Til samanlikning ligg bachelor i Norge på nivå 6, og master på nivå 7 i NKR og EQF. Bakgrunnen for å løfta høgare yrkesfagleg utdanning til eit spenn frå nivå 5 til nivå 7 er at ein ser eit aukande behov for avanserte yrkesfaglege ferdigheiter og kompetanse. Fagarbeidarane spille fortsatt ein sentral rolle i Europeisk arbeidsliv, men ein ser eit behov for å byggje vidare på dette.

Uavhengig av korleis dette ver løyst i Norge i framtida, må ein arbeide for å styrka høgare yrkesfagleg utdanning som eit sjølvstendig utdanningsslag som skil seg tydeleg frå både vidaregåande utdanning og anna høgare utdanning. Fagskulen bør ikkje verte betrakta som berre ei påbygging etter vidaregåande utdanning eller ei pre-kvalifisering til anna høgare utdanning, og Hordaland fylkeskommune kan bidra i arbeidet med å styrka og reindyrke fagskuleutdanninga i regionen gjennom mellom anna strategisk informasjonsarbeid. Vidare bør Hordaland fylkeskommune delta i nasjonale diskusjonar om fagskulen sin vidare utvikling nasjonalt, og ivareta sin posisjon som eit av dei største fagskulefylka i landet. Fagskulen i Hordaland har ei viktig rolle som ein regional utviklingsaktør som, i tråd med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft og Regional næringsplan for Hordaland (2013-2017), kan vere ei viktig bidragsytar til kompetanseheving og tettstadsutvikling i regionen. Fagskulen er lokalisert med studiestader fleire stader i Hordaland, og ei vidare styrking av desse gjennom utdanningstilbod og EVU i samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar kan gje regionen viktige fortrinn i høve til vidare næringsutvikling. I sum bør ein styrka samarbeide mellom dei høgare utdanningsinstitusjonane i Hordaland og Vestland for å betre og auke tilgangen til kompetanse, samtidig som ein sikrar fagskulen sin eigenart.



Arkivnr: 2019/11230-1
Saksbehandlar: Kristine Angelsen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------|--------|------------|
| Yrkesopplæringsnemnda | 24/19 | 28.05.2019 |
| Utval for opplæring og helse | | 04.06.2019 |
| Fylkesutvalet | | 20.06.2019 |

Oppfølging av verbalpunkt frå fylkestinget - internkontroll i lærebedrifter

Samandrag

I fylkestinget i desember 2018 var det sett fram følgjande verbalpunkt:

- Fylkestinget ber om at Hordaland fylkeskommune saman med opplæringskontora syta for at det vert gjennomført bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden slik at eventuelle manglar knytt til arbeidsmiljø, lønn eller opplæringsplan kan rettast opp tidleg. Dette arbeidet kan koordinerast med partane i arbeidslivet, lærlingombodet, opplæringskontora og andre aktørar som har kontakt med lærebedriftene.

På bakgrunn av dette har fagopplæringskontoret mellom anna gått inn i eit samarbeid med foreininga Yrkeslabyrinten for å utarbeide ei felles forståing av eit internkontrollsystem og kva ansvar dei ulike partane har i eit lærlingløp. Yrkeslabyrinten har i samråd med fagopplæringskontoret utarbeidd eit konkretisert skjema for internkontrollsystem samt ei sjekklister for oppstart av ny lærling.

Fagopplæringskontoret vil implementere det som er utarbeidd saman med Yrkeslabyrinten også i andre opplæringskontor og sjølvstendige lærebedrifter.

Vidare er det tenkt etablert seks einingar med rettleiingstenester i nye Vestland. Det vil vere naturleg å legge oppgåva med bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden til desse rettleiingstenestene.

Økonomi: Ingen kjent effekt

Klima: Ingen kjent effekt

Folkehelse: Kan ha positiv effekt på fråfall i vidaregåande opplæring

Regional planstrategi: I tråd med Plan for kompetanse og arbeidskraft

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.05.2019

Innleiing

Sidan tilsynet frå Fylkesmannen i 2017 som gjekk på fylkeskommunens ansvar for godkjenning, oppfølging og rettleiing av lærebedrifter, har fagopplæringskontoret arbeidd mykje med å få på plass interne rutinar og system som mellom anna skal sikre at lærebedriftene har internkontrollsystem i tråd med lovkrava i opplæringslova § 4-7. Til dømes sende seksjonsleiar fagopplæring i april 2018 ut eit brev til omlag 2000 lærebedrifter med ei opplisting av minimumsinnhaldet i eit internkontrollsystem.

Det har elles kome innspel frå ulike hald på fagopplæringskontorets oppfølging av lærebedrifter, mellom anna i årsrapporten frå elev- og lærlingombodet, som til dømes peika på manglar i arbeidsmiljø og manglande arbeidskontrakt hos lærlingar i fylket. I fylkestinget i desember 2018 var det også sett fram følgjande verbalpunkt:

- Fylkestinget ber om at Hordaland fylkeskommune saman med opplæringskontora syta for at det vert gjennomført bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden slik at eventuelle manglar knytt til arbeidsmiljø, lønn eller opplæringsplan kan rettast opp tidleg. Dette arbeidet kan koordinerast med partane i arbeidslivet, lærlingombodet, opplæringskontora og andre aktørar som har kontakt med lærebedriftene.

Foreininga Yrkeslabyrinten la fram ein førespurnad til fagopplæringskontoret om å setje ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide eit felles internkontrollsystem for opplæringskontor samt meir føreseielege rutinar internt på fagopplæringskontoret. Førespurnaden frå Yrkeslabyrinten hadde grunnlag i ei sak om oppfølging av eit opplæringskontor som enda i at seksjonsleiar fagopplæring gjorde vedtak om tap av godkjenning som opplæringskontor.

Yrkeslabyrinten er ei foreining for opplæringskontor i Hordaland. Tal opplæringskontor er høgt i Hordaland. Av totalt 54 opplæringskontor er det 23 av desse som er med i Yrkeslabyrinten. Totalt så omfattar det lærlingar gjennom Yrkeslabyrinten 73% av dei lærlingane som er tilknytt eit opplæringskontor. Elles er det om lag 600 sjølvstendige bedrifter i Hordaland.

På bakgrunn av dette har fagopplæringskontoret gått inn i eit samarbeid med foreininga Yrkeslabyrinten for å utarbeide ei felles forståing av eit internkontrollsystem og kva ansvar dei ulike partane har i eit lærlingløp, samt for å svare ut verbalpunktet frå fylkestinget. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe beståande av fem representantar frå Yrkeslabyrinten og tre representantar frå fagopplæringskontoret.

Arbeidet til no

Det har vorte gjennomført tre møte med arbeidsgruppa. Hovudtema på møta har vore internkontrollsystem.

I møta har vi hatt ein gjennomgang av kva roller og ansvar dei ulike partane har; altså kva rolle og ansvar fylkeskommunen har, kva opplæringskontora har og kva medlemsbedriftene har. Representantane frå Yrkeslabyrinten har utarbeidd eit skjema som tek utgangspunkt i brevet seksjonsleiar fagopplæring sende ut med opplisting av minimumsinnhaldet i eit internkontrollsystem. Skjemaet er derimot meir utfyllande og konkretisert enn det fagopplæringskontoret sende ut, og det går fram mellom anna kva ansvar opplæringskontoret har og kva ansvar fagopplæringskontoret har i ulike situasjonar.

Fagopplæringskontoret gjekk så gjennom skjemaet, ga tilbakemeldingar på ulike avklaringspunkt og gjorde framlegg om rutinar for oppstartsmøte/startsamtale. Yrkeslabyrinten har dermed laga ei sjekklister som skal nyttast ved oppstart av ny lærling. I sjekklister er det til dømes punkt om lærlingen har inngått ein midlertidig arbeidsavtale med medlemsbedrifta, at lærlingen har fått opplyst kven som er fagleg leiar og kven som er kontaktperson hos opplæringskontoret, og om lærlingen er gjort kjent med medlemsbedrifta sine interne system (HMS, varsling av frávær, med meir). Sjekklister er tenkt brukt i første samtalen opplæringskontoret har med ny lærling og skal følgast opp dersom det til dømes er manglar på punkta som går på medlemsbedrifta sine interne system.

Vegen vidare

I det vidare arbeidet skal arbeidsgruppa ferdigstillja skjemaet for internkontrollsystem og sjekklista, samt gå gjennom avklaringspunkt for å eventuelt endre interne rutinar på fagopplæringskontoret.

Representantane for Yrkeslabyrinten tek ansvar for å implementere skjemaet og sjekklista i opplæringskontor som høyrer til Yrkeslabyrinten, medan fagopplæringskontoret tek ansvar for å implementere det same i andre opplæringskontor og sjølvstendige lærebedrifter.

Fylkeskommunen ved fagopplæringskontoret har det overordna ansvaret for oppfølging av lærebedrifter, og fagopplæringskontoret vil difor ta med innspela frå arbeidsgruppa og Yrkeslabyrinten inn i det vidare arbeidet med internkontrollsystem for lærebedrifter på generelt grunnlag.

Vidare vert det vist til verbalpunktet i fylkestinget at fylkeskommunen skal syte for at det vert gjennomført bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden. Så langt i nye Vestland er det tenkt å etablere seks einingar med rettleiingstenester som mellom anna skal drive systematisk oppfølging av lærlingar og lærebedrifter. Det vil vere naturleg å legge oppgåva med bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden til desse rettleiingstenestene. Det kan tenkjast at rettleiingstenestene set eit måltal for bedriftsbesøk per år med til dømes eitt besøk i opplæringsperioden til lærlingar som har kontrakt med eit opplæringskontor, og to besøk i opplæringsperioden til lærlingar i sjølvstendige bedrifter.

Dette året, før samanslåinga, er eit hektisk år. Noko av det som er gjennomgått i saka er mogleg å få implementert i lærebedrifter i Hordaland, slik at ein sikrar lærlingane betre. For nye Vestland meiner fagopplæringskontoret at saman med arbeidet med internkontrollsystem samt etablering av rettleiingstenestene, vil ein tidleg kunne fange opp eventuelle manglar knytt til arbeidsmiljø, arbeidskontrakt, opplæringsplan m.m.



Arkivnr: 2016/4130-47
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------|--------|------------|
| Yrkesopplæringsnemnda | 25/19 | 28.05.2019 |
| Utval for opplæring og helse | | 04.06.2019 |
| Fylkesutvalet | | 20.06.2019 |

Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2019

Samandrag

Denne løypemeldinga tar føre seg status i arbeidet med gjennomføring av vedtaka i skulebruksplanen knytt til dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Skulebruksplanen (SBP) for perioden 2017-2030 vart handsama i fylkestinget i oktober 2016. Einskilde saker knytt til handsaminga i oktober 2016 vart også følgd opp med vedtak i fylkestinga i desember 2016, mars 2017 og mars 2018.

Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert koordinert gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2030. Gjennomføring av tiltaka skjer i linja.

Rapportering til politisk utval

Prosjektet ønskjer å gi ein statusrapport på gjennomføring av tiltaka i juni kvart år. Når det gjeld konsekvensar for tilbodsstrukturen som følgje av gjennomføring av tiltaka i skulebruksplanen, vert dette gjort greie for i tilbodsstruktursaka kvar haust.

I denne saka vil fylkesrådmannen gjere greie for status og retning i arbeidet med å gjennomføre skulebruksplanen med dei vedtaka som ligg føre. Her vert det ikkje gjort framlegg om vedtak knytt til einskilde prosjekt. Forhold knytt til skular og struktur som går utover dei struktursakene som vert handsama i saka «Justering av tilbodsstruktur», vert fremja som sjølvstendige saker for politisk handsaming.

Økonomi: For gjennomføringa av tiltaka i skulebruksplanen er det lagt til grunn eit årleg investeringsnivå på om lag 500 mill. kr for utdanningssektoren fram mot 2030. Investeringsplan viser samla investeringar fram til 2030.

Klima: Ingen kjende effektar

Folkehelse: Ingen kjende effektar

Regional planstrategi: Skulebruksplan 2017-2030 er relevant for regional planstrategi. Denne løypemeldinga viser oppfølging av tiltaka gjennom SBP.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Investeringsplan 2017-2030 (revidert etter vedtak i fylkestinget 07.03.2017)

Fylkesrådmannen, 08.05.2019

Innleiing

Skulebruksplanen (SBP) for perioden 2017-2030 vart handsama i fylkestinget i oktober 2016. Einskilde saker knytt til skulebruksplanen vart også handsama i fylkestinget i desember 2016, mars 2017 og mars 2018. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert følgd opp gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2030. Gjennomføring av tiltaka vil skje i linja.

Prosjektet søkjer å gi ein statusrapport på gjennomføring av tiltaka i juni kvart år. Når det gjeld konsekvensar for tilbodsstrukturen som følgje av gjennomføring av tiltaka i skulebruksplanen, vert dette gjort greie for i saka «Justering av tilbodsstrukturen» kvar haust.

I denne saka vert det ikkje gjort framlegg om vedtak knytt til einskilde prosjekt. Forhold knytt til skular og struktur som går utover dei struktursakene som vert handsama i saka «Justering av tilbodsstrukturen» vert fremja som sjølvstendige saker for politisk handsaming.

Denne løypemeldinga tar føre seg status og retning i arbeidet med gjennomføring av vedtaka i skulebruksplanen knytt til dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Skuleåret 2018/19

Tabellen under viser skular, utdanningsprogram og elevtal inneverande skuleår.

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | |
|----------------|----------------------|--------------------|----------|-----|-----|-----|------|------|-----|-----|-----|------|------------------|-----|-----|-----|-----|------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | ME | MD | ID | KDA | ST |
| NORDHORDL. | Austrheim vgs | 222 | | 1 | 43 | | | 32 | | | | | 55 | 23 | | | | 68 |
| | Knarvik vgs | 988 | 18 | 75 | 102 | 14 | 105 | 149 | | | 59 | 156 | 28 | | | | | 282 |
| | | 1210 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ARNA REGION | Arna vgs | 283 | | | 46 | | | 61 | | | | | | 83 | | | | 93 |
| | Osterøy vgs | 183 | | 15 | | | 29 | 17 | | | | 52 | | | | | | 70 |
| | | 466 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| BERGEN NORD | Åsane vgs | 430 | 15 | 8 | 74 | | 26 | 170 | | | | 32 | 105 | | | | | |
| | Tertnes vgs | 687 | | | | | | | | | 62 | | | | | 108 | | 517 |
| | | 1117 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| BERGEN SENTRUM | Amalie Skram vgs | 1057 | | 18 | | | | | | | 155 | | 30 | 85 | | | | 769 |
| | Bergen Katedralskole | 765 | 31 | | | | | | | | | | | | | | | 734 |
| | Bergen maritime vgs | 255 | | | | | 118 | | | | | 137 | | | | | | |
| | Årstad vgs | 968 | 61 | 65 | 161 | 126 | 197 | | | | | 120 | 60 | | | | 76 | 102 |
| | | 3045 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| BERGEN SØR | Austevoll vgs | 136 | | | | | | 13 | 85 | | | 38 | | | | | | |
| | Langhaugen vgs | 630 | | | | | | | | | | | | 178 | | | | 452 |
| | Nordahl Grieg vgs | 931 | 9 | | | | | 118 | | | | | 56 | 167 | | | | 581 |
| | Sandsli vgs | 528 | | 12 | | | | | | 117 | | | | | | | | 399 |
| | Slåtthaug vgs | 566 | | 6 | 128 | | 94 | 119 | | | | 110 | 109 | | | | | |
| | Stend vgs | 541 | | 99 | | | | | | 168 | | 46 | 30 | | | | 198 | |
| | | 3332 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| BERGEN VEST | Fyllingsdalen vgs | 572 | | 14 | | | | 136 | | | | | 58 | | 102 | | | 262 |
| | Laksevåg vgs | 382 | | 41 | 89 | | 71 | | | | | 89 | 92 | | | | | |
| | Olsvikåsen vgs | 585 | | 31 | | | | 171 | | | | 30 | | | | | 80 | 273 |
| | | 1539 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ASKØY | Askøy vgs | 530 | | 24 | 46 | | 55 | 62 | | | | 44 | 30 | | | | | 269 |
| | | 530 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SOTRA | Sotra vgs | 821 | 13 | 36 | 67 | 14 | 74 | 107 | | 25 | 31 | 70 | 54 | | | 86 | | 244 |
| | | 821 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| OS - FUSA | Fusa vgs | 300 | | 8 | | | | 47 | 55 | 19 | | 50 | 43 | | | | 78 | |
| | Os gymnas | 222 | | | | | | | | | | | | | | | | 222 |
| | Os vgs | 467 | | 20 | 105 | | 45 | 95 | | | 76 | 72 | 54 | | | | | |
| | | 989 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SUNNHORDL. | Bømlo vgs | 273 | | 7 | | | | 60 | | | 20 | | 30 | | | | | 156 |
| | Rubbestadnes vgs | 146 | | | | | 77 | | | | | 69 | | | | | | |
| | Fitjar vgs | 227 | | | | 16 | | 124 | | 25 | | | 62 | | | | | |
| | Stord vgs | 753 | 14 | 26 | 39 | | 88 | | | | 15 | 54 | 28 | 45 | 55 | 158 | | 231 |
| | | 1399 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| KVINNHERAD | Kvinnherad vgs | 390 | | 15 | 27 | | 26 | 61 | | | 12 | 36 | 51 | | | | | 162 |
| | | 390 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ODDA | Odda vgs | 272 | | 4 | 8 | 13 | 29 | 32 | | | | 57 | | | | 32 | | 97 |
| | | 272 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| KVAM | Kvam vgs | 261 | 15 | 5 | | | 30 | 29 | | | | 21 | | | | | | 161 |
| | | 261 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| VOSS | Voss gymnas | 573 | 26 | | | 22 | | 60 | | | 30 | | 60 | | 45 | 131 | 17 | 182 |
| | Voss vgs | 385 | | 26 | 43 | | 41 | | 191 | 27 | | 57 | | | | | | |
| | | 958 | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Sum | 16329 | 202 | 556 | 817 | 240 | 1034 | 1860 | 499 | 213 | 506 | 1319 | 1033 | 380 | 380 | 713 | 251 | 6326 |

Tabellen under viser forklaring på kodane som er brukt på utdanningsprogramma i denne saka.

| Fagkode | Yrkesfaglege utdanningsprogram |
|---------|--|
| BA | Bygg- og anleggsteknikk |
| DH | Design og handverk |
| EL | Elektrofag |
| HO | Helse- og oppvekstfag |
| MK | Medium og kommunikasjon (avvikla som yrkesfag frå skuleåret 18/19) |
| NA | Naturbruk |
| RM | Restaurant og matfag |
| SS | Service og samferdsel |
| TIP | Teknikk og industriell produksjon |
| Kode | Studieførebuande utdanningsprogram |
| ST | Studiespesialisering |
| ST-FO | Studiespesialisering med formgjeving (avvikla frå skuleåret 18/19) |
| KDA | Kunst, design og arkitektur |
| MK | Media og kommunikasjon |
| ID | Idrettsfag |
| MDD | Musikk, dans, drama |
| PB | Påbyggingskurs til generell studiekompetanse |
| Kode | Andre vidaregåande opplæringstilbod |
| TO | Grupper for særskilt tilrettelagt opplæring |
| AO | Innføringsklasser for minoritetsspråklege |

Elevaltspognosar

Eit viktig kunnskapsgrunnlag i rullering av skulebruksplanen i 2016 var elevtalsutvikling fram mot 2030. Sidan den gang har SSB oppdatert folketalsprognosane, seinast i juni 2018. For Hordaland vil det vere ein nedgang på 812 personar i alderen 16 t.o.m.18 år samanlikna med prognosane vist i skulebruksplanen. I tala frå SSB er det ikkje mogleg å sortere ut tal på bydelsnivå i Bergen kommune, som betyr at ein ikkje kan gi ei direkte samanliknbar framstilling av nye tal og tal frå skulebruksplanen for heile Hordaland. Prognosane er difor ikkje vidare kommentert i denne saka. SSB sine neste befolkningsprognosar er venta i juni 2020.

Rullering av skulebruksplanen

Skulebruksplan 2017-2030, sak PS 72/2016, blei politisk handsama 4. oktober 2016. Vedtakspunkt 5 i saka seier at skulebruksplanen skal rullerast kvart fjerde år.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar slår seg saman og vert eitt fylke 01.01.2020. Jf. referatsak RS 6/2018 i fylkestinget 12.6.2018, melde fylkesrådmannen at det er føremålstenleg å sjå skulestruktur inn i delprosjekt 1.5 tilbodsstruktur. Fylkesrådmannen legg derfor ikkje fram ei rullering av eksisterande skulebruksplan i 2020. Delprosjekt 1.5 Tilbodsstruktur vil i sin sluttrapport tilrå tidspunkt for gjennomgang av skulestruktur i Vestland fylkeskommune.

Regionsvis gjennomgang – Status

Under følger ein gjennomgang av den einsskildede region etter den regionsvise inndeling som var i høyringsforslaget til skulebruksplanen. Dette er ikkje den administrative inndeling av vidaregåande opplæring i Hordaland, men ei inndeling gjort med utgangspunkt i den regionale senterstrukturen. For kvar region er det først ein tekstboks med vedtak. Tekstboksane referer til gjeldande vedtak fatta i fylkestinget i oktober 2016, desember 2016, mars 2017 eller mars 2018. Deretter følger ein tabell som viser framtidig dimensjonering for regionen og ein status på arbeidet med å gjennomføre vedtak knytt til kvar skule.

Region Nordhordland

Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.

Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag (RM) vert lagt ned. Service og samferdsel (SS) vert flytta frå Knarvik til Nye Åsane vgs.

Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2027.

Det vert våren 2017 starta opp eit samarbeidsprosjekt mellom skulane i Nordhordland og det lokale næringslivet, der målet er å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.

Endeleg vedtak om investering i ny skule på Austrheim vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform. Knarvik vgs får tilbygg på Juvikstølen i 2027 som erstatning for avdelinga ved Kvernhusmyra. Ved samling av Knarvik vgs på Juvikstølen skal det vurderast om det er grunnlag for å etablere RM ved skulen.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|------------|---------------|-----------------|----------|----|----|----|----|----|----|----|----|-----|------------------|----|----|----|-----|-------------------|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | | ST |
| NORDHORDL. | Austrheim vgs | 222 | | | 30 | | 30 | 30 | | | | 60 | 30 | | | | | 90 | 270 |
| | Knarvik vgs | 988 | 48 | | 75 | 75 | 30 | 90 | | | | 75 | 90 | | | | | 270 | 753 |
| | | 1 210 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 023 |

Status gjennomføring av vedtak

Austrheim vgs

- Det er ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen

Knarvik vgs

- SS vert flytta til nye Åsane vgs når den er ferdig i 2020. Flyttinga er ein del av prosjektet Nye Åsane vgs
- Det er elles ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen

Prosjekt næringslivet

Arbeidet starta opp i januar 2017, og det er oppretta eit samarbeidsforum i stor grad basert på eksisterande samarbeid i regionen. Aktørane er samde om ein prosjektplan med tilhøyrande aktivitetsplan fram til april 2018. Fylkesrådmannen viser til løypemelding for prosjektet, jf. referatsak RS 7/2019 i fylkestinget 5.3.19.

Erfaringar så langt i prosjektet kan oppsummerast som følgjande:

- Modellane gir ei fagleg betre opplæring enn kva tilfellet hadde vore om all opplæring hadde gått føre seg i skulen. Elevane veks både fagleg og sosialt gjennom praksisperioden, og ei tett oppfølging av elevane er eit suksesskriterium både for skule og bedrift. Modellane vert brukt aktivt av begge skulane i marknadsføring av eigne tilbod.

- Bedriftene kan oppleve noko press, då det er fleire skular i regionen som har utplassering i YFF. Dette krev ei evaluering mellom skulane og bedriftene og ein tettare dialog og planlegging av praksisperiodar for komande skuleår.
- Ei utfordring med å organisere opplæringa gjennom blokkdagar er at ein elev raskt kan overstige 10 % fråvær. Dokumentasjon ved fråvær er derfor særskild viktig.
- Regionalavdelinga ved seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse har tatt oppdraget med å evaluere prosjektet, og tek sikte på å starte evalueringa hausten 2019.
- Hordaland fylkeskommune har løyvt inntil kr 500 000 til prosjektet Næringsutvikling i Nordhordland frå budsjettet for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland. Målet med prosjektet er å få fram kunnskapsgrunnlag om behov for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland, minst fram til 2030. Universitetet i Bergen ferdigstilte rapporten 01.03.2019.
- Hausten 2018 og våren 2019 blei det gjennomført turar til Barcelona og Foligno som ein del av Erasmus+-prosjektet «Development of sustainable urban centres with active involvement of VET (vocational education and training)». Prosjektet varer til 29.02.2020, og det vert skriva sluttrapport for arbeidet.

Mål for prosjektet er å:

- Lage styringsmodellar for aktiv involvering og deltaking av vidaregåande skular og lokale bedrifter i planlegging og utvikling av regionale sentre.
- Utvikle yrkesfaglege opplæringsløp som direkte knyt opplæringa til utfordringar og moglegheiter i dei regionale sentra.
- Etablere ein arena for samarbeid mellom yrkesfaglege skular, kommunar og arbeidslivet.

Arna region

Det skal byggjast ny kombinert skule i Arna etablert nær bussterminal/togstasjon, med planlagt ferdigstilling i 2028.

Frå skuleåret 2017/2018 skal Arna/Garnes vgs ha undervisning i to lokale. Tunesvegen vert avhenda/seld.

Fag- og skuletilbodet i regionen må samla sett vurderast på nytt ved planlegging av ny skule i Arna.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|-------------|-------------|-----------------|----------|----|----|----|----|----|----|----|----|-----|------------------|----|----|----|-----|-------------------|-----|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | | ST |
| ARNA REGION | Arna vgs | 283 | 8 | 60 | | | 60 | | | | | | | 90 | | | | 90 | 308 |
| | Osterøy vgs | 183 | 12 | | | 30 | 30 | | | | | 60 | | | | | | 90 | 222 |
| | | 466 | | | | | | | | | | | | | | | | | 530 |

Status gjennomføring av vedtak

Arna vgs

- Arna vgs er rehabilitert. Skulen er samlokalisert, og heile opplæringstilbodet er flytta til Vestlivegen. Offisiell opning var i januar 2019.
- Bygg på Garnesstølen og i Tunesvegen er selde.

Osterøy vgs

Det er ingen tiltak i Skulebruksplanen.

Region Bergen Nord (Åsane bydel)

Tertnes vgs får tilbygg etablert og deler av skulen rehabilitert til 2018. Dette for å kunne ta imot ST frå U.Pihl 2018.

Nye Åsane vgs blir etter planen tatt i bruk i 2020. Skulen erstattar dagens Åsane vgs, Lønborg vgs og delar av tilbodet ved U.Pihl, samt SS frå Knarvik vgs og Tertnes vgs.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 | | | |
|-------------|-------------|-----------------|----------|----|-----|----|----|----|-----|----|----|-----|------------------|----|----|----|-----|-----|-------------------|-----|--|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | | | |
| BERGEN NORD | Åsane vgs | 430 | 50 | 60 | 120 | | | 90 | 210 | | | | 105 | 90 | 90 | | | 180 | | | | 995 |
| | Tertnes vgs | 687 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 630 | | 630 |
| | | 1 117 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 625 |

Status gjennomføring av vedtak

Tertnes vgs

- Tertnes vgs har fått ny idrettshall, turnhall og ulike treningsrom tilpassa toppidrettstilbodet ved skulen. I tillegg er det bygd nye realfagslaboratorium og auditorium, og kantine og bibliotek er bygd om. Deler av den eldste bygningsmassen er også rehabilitert.
- Skulen hadde nyopning i august 2018
- Tertnes vgs og U. Pihl vart administrativt slått saman frå 01.08.2017. All aktivitet vart samla i eitt bygg hausten 2018. ID og SS vert overført til Åsane vgs når den nye skulen står ferdig i 2020.

Åsane vgs

- Byggearbeidet for «Nye Åsane vgs» starta opp i mai 2018. Planlagt opning sommaren 2020.
- Skulane Åsane vgs og Lønborg vgs har vore ei eining under felles administrasjon og leiding sidan hausten 2016. Fram til ny skule er ferdig i 2020, vil Åsane vgs ha undervisning på fleire stader.

Region Bergen Sentrum

Bergen Katedralskole kan ta i bruk nytt mellombygg og auka elevtal frå 2018. Samstundes skal rehabiliteringsarbeidet vere ferdig i hovudbygget og klasseromsbygget.

RM vert lagt ned på Årstad vgs. Innvendig rehabilitering av C-bygget er planlagt ferdigstilt i 2025.

Aktiviteten på Bergen Maritime vgs på Nedre Nygård vert avvikla 2023.

Innanfor ramma på 400 elevplassar skal det vere rom for noverande programområde på EL og TIP både på Laksevåg videregående skole og Bergen maritime videregående skole. Fordelinga av elev-plassar mellom BA, EL og TIP vert avgjort i programmeringsfasen for ny/rehabiliterert skule.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 | | | |
|----------------|----------------------|-----------------|----------|----|----|----|-----|-----|-----|----|----|-----|------------------|-----|----|----|-----|----|-------------------|-----|-----|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | | | |
| BERGEN SENTRUM | Amalie Skram vgs | 1 057 | | 20 | | | | | | | | | 135 | | 60 | 90 | | | | | 720 | 1 025 |
| | Bergen Katedralskole | 765 | 50 | | | | | | | | | | | | | | | | | 648 | | 698 |
| | Bergen maritime vgs | 255 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 0 |
| | Årstad vgs | 968 | 50 | 62 | | | 165 | 105 | 360 | | | | | 150 | 60 | | | | 90 | 180 | | 1 222 |
| | | 3 045 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 2 945 |

Status gjennomføring av vedtak

Amalie Skram

Ingen tiltak i Skulebruksplanen.

Bergen Katedralskole

- Den eldste delen av skulen har blitt totalrehabilitert, og nybygg for klasserom og bibliotek er ført opp. Skulen har fått ny hovudinngang frå Kong Oscars gate. Det har elles vore gjennomført rehabilitering av andre delar av skulen.
- Nyopning av skulen september 2018
- Det er gjennomført mindre utbetringar på avd. Kyrre for at aktiviteten midlertidig skal halde fram i noverande lokale i Øvregaten. Nye lokale for avd. Kyrre er klare i Aasegården våren 2020.

Bergen Maritime vgs

- Fagtilbod innan EL, TIP og BA som skal inngå i ny vgs på Laksevåg skal samlast i skulen sine lokale frå 2020 og vere der til ny skule er klar etter planen i 2023. Verkstad for BA vert i mellomperioden i leigde lokale.
- Omstillingsarbeid og programmering av ny skule på Laksevåg vart starta opp i 2018. Programmeringsarbeidet involverer leing og tilsette ved dei tre einingane Bergen maritime vgs, Laksevåg vgs og Fagskolen i Hordaland.

Årstad vgs

- Det pågår arbeid for utbetring av lokale for elevtenesta.
- Held fram med analysar av arealdisponering av skulen med tanke på arbeid som skal gjerast med C-bygget.

Region Bergen Sør

PB samlast på Slåtthaug vgs. DH vert lagt ned i regionen

Større delar av Slåtthaug vgs vert rehabilitert i 2023. Ei mindre utbygging kan verte aktuelt. Langhaugen vgs får nytt bygg for musikk og kroppsøving i 2022

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|------------|-------------------|-----------------|----------|----|-----|----|-----|-----|-----|-----|----|------------------|----|-----|-----|----|-----|-------------------|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | | ST |
| BERGEN SØR | Austevoll vgs | 136 | | 4 | | | | 15 | 45 | | | | 45 | | | | | 30 | 139 |
| | Langhaugen vgs | 630 | | | | | | | | | | | | 180 | | | | 450 | 630 |
| | Nordahl Grieg vgs | 931 | 50 | 16 | | | | 135 | | | | | | 180 | | | | 630 | 1 011 |
| | Sandsli vgs | 528 | | 10 | | | | | | 165 | | | | | | | | 450 | 625 |
| | Slåtthaug vgs | 566 | 12 | | 135 | | 135 | 180 | | | | 165 | 90 | | | | | | 717 |
| | Stend vgs | 541 | | 88 | | | | | 120 | | 90 | | | | 180 | | | | 478 |
| | | 3 332 | | | | | | | | | | | | | | | | | 3 600 |

Status gjennomføring av vedtakAustevoll vgs

Ingen tiltak i Skulebruksplanen.

Langhaugen vgs

- Oppstart programmering vår 2019
- Rom- og funksjonsprogram til politisk handsaming i løpet av hausten 2019

Nordahl Grieg vgs

Ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen

Sandsli vgs

- Fellesareal, kantine og bibliotek er ferdig rehabilitert. I tillegg er alle kjøkken rehabilitert for å tilpasse samlokalisering av RM-tilbudet i HFK. Arbeidet var ferdigstilt februar 2019.

Slåtthaug

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Stend vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Region Bergen Vest

Olsvikåsen vgs vert vidareført. *DH og PB vert lagt ned i regionen*

Det studieførebuande tilbudet ved Laksevåg vgs vert avvikla hausten 2018

Fagskolen i Hordaland vert saman med yrkesfagleg vgs lokalisert ved dagens Laksevåg vgs

Framtidig tilbod ved Laksevåg videregående skole skal dimensjonert med ei ramme på 400 elevplassar på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma BA, EL og TIP.

Innanfor ramme på 400 elevplassar skal det vere rom for noverande programområde på EL og TIP både på Laksevåg videregående skole og Bergen maritime videregående skole. Fordelinga av elev-plassar mellom BA, EL og TIP vert avgjort i programmeringsfasen for ny/rehabiliterert skule.

Ombygging og nybygg ved Laksevåg vgs vert prioritert tidleg i investeringsplanen. Det skal setjast i verk tiltak som ivaretek det gode samarbeidet med næringslivet når det gjeld læreplassar slik at ein kan vidareføra desse etter ombygginga.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|-------------|-------------------|-----------------|----------|----|----|----|-----|-----|----|----|----|-----|------------------|----|----|-----|-----|-----|-------------------|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | |
| BERGEN VEST | Fyllingsdalen vgs | 572 | | 8 | | | | 120 | | | | | | | | 180 | | | 360 | 668 |
| | Nye Laksevåg vgs | 382 | | | 90 | | 135 | | | | | | 180 | | | | | | | 405 |
| | Olsvikåsen vgs | 585 | | 40 | | | 105 | | | | | | | | | | 90 | 360 | | 595 |
| | | 1 539 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 668 |

Status gjennomføring av vedtakFyllingsdalen vgs

- Det pågår eit omfattande rehabiliteringsarbeid av ventilasjonsanlegget på skulen. Vidare er det sett i gang utgreiing av areal og romfunksjonar på skulen med tanke på ei betre tilpassing av areala. I dette ligg det også ei vurdering av auke i dimensjonering av TO på skulen.
- Gjennomført programmering av ny TO-avdeling, kor både Fyllingsdalen vgs og Laksevåg vgs har vore involverte.
- Byggearbeid for å ta i mot elevar på TO frå Laksevåg vgs starta sommaren 2019, og vil vere ferdigstilt til skulestart 2020
- Lokala for elevtenestene er utbeta. Utbetring av nokre areal i plan 2, samt etablering av areal for TO i plan 1.

Laksevåg vgs/Laksevåg og Bergen maritime vgs

- Etter planen startar arbeidet med rehabilitering og nybygg til fagskule og vgs hausten 2020 med ferdigstilling hausten 2023. Det vil ikkje vere aktivitet i bygga på Laksevåg i byggeperioden.

- Fagtilbud innan EL, TIP og BA som skal inngå i Laksevåg og Bergen maritime vgs skal samlast i Bergen maritime vgs sine lokale på Nedre Nygård frå 2020 og vere der til ny skule er klar på Laksevåg etter planen i 2023. Verkstad for BA vert i mellomperioden i leigde lokale. Gjennomført synfaring for å kartlegge kva utstyr som kan flyttast til Nedre Nygård i mellomperioden.
- Omstillingsarbeid og programmering av ny skule på Laksevåg blei starta opp i 2018. Programmeringsarbeidet involverer leing og tilsette ved dei tre einingane Laksevåg vgs, Bergen maritime vgs og Fagskolen i Hordaland.

Olsvikåsen vgs

- Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Region Askøy

Større rehabilitering og utbygging av Askøy vgs. Planlagt slutført i 2022

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|--------|-----------|-----------------|----------|----|-----|----|----|-----|----|----|----|-----|------------------|----|----|----|-----|----|-------------------|-----|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | |
| ASKØY | Askøy vgs | 530 | | 28 | 105 | | 60 | 120 | | | | | 105 | | | | | | 540 | 958 |
| | | 530 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 958 |

Status gjennomføring av vedtak

Askøy vgs

- Gjennomført design- og priskonkurransse. Samspelsfasen er ferdig november 2019. Sak om byggestart til fylkestinget mars 2020.

Region Sotra

Ny skule blir etablert i tilknytning til kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy i 2025.

Avd Sund vert avvikla/seld når den nye skulen takast i bruk

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|--------|-----------|-----------------|----------|----|----|----|----|-----|----|----|----|-----|------------------|----|----|----|-----|----|-------------------|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | |
| SOTRA | Sotra vgs | 821 | | 32 | 45 | 45 | 75 | 120 | | | 60 | | 105 | | | | | 90 | 540 | 1 112 |
| | | 821 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 112 |

Status gjennomføring av vedtak

Sotra vgs

- Lokalisering av ny skule er vedtatt. Dialog med Statens vegvesen er starta. Fjell kommune har starta grunnervervet for utfylt tomteareal i Stovevatnet.

Region Os/Fusa

Tidlegare vedtak om dimensjonering vert i hovudsak vidareført

Det ligg ikkje føre bygningsmessige tiltak som følgje av strukturendring i regionen.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | Elev-plassar 2030 | | | |
|-----------|-----------|-----------------|----------|----|-----|----|----|-----|----|----|----|-----|------------------|----|----|----|-----|-------------------|-----|--|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | | ST | | |
| OS - FUSA | Fusa vgs | 300 | | 5 | | | | 60 | 30 | 30 | | 75 | 30 | | | | 90 | | | | 320 |
| | Os gymnas | 222 | | | | | | | | | | | | | | | | | 360 | | 360 |
| | Os vgs | 467 | | 11 | 120 | | 75 | 120 | | | | 120 | 180 | | | | | | | | 626 |
| | | 989 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 306 |

Status gjennomføring av vedtak

Fusa vgs

Det er ingen planlagt aktivitet i Skulebruksplanen.

Os gymnas

Det er ingen planlagt aktivitet i Skulebruksplanen.

Os vgs

Det er ingen planlagt aktivitet i Skulebruksplanen.

Region Sunnhordland

Stord Vabakkjen vert rehabilitert og noko utvida i 2022. TO og SS-tilbodet i regionen vert samla på Stord vgs.

Fitjar vgs vert vidareført. Programfag for påbygg vert vurdert flytta til Stord vgs for å utnytte ledig kapasitet, og leigeavtalen skulen har for tilleggsareal vert avvikla.

Bømlo og Rubbestadneset vgs vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo vgs, og den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.

Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstader og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne prosessen.

Arbeidet med pilotprosjektet på Bømlo skal starta opp like over nyttår. Målet er ei vidaregåande opplæring basert på tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Det skal utarbeidast eit mandat som er tydeleg på eit utviklingsdyktig studietilbod. Rammer for mandatet bør m.a. ta omsyn til at arbeidslivets behov, og moglegheiter for bistand til opplæring vil variere. Det skal etablerast ei prosjektgruppe i tett samarbeid med, og representantar for, skule, kommune og næringsliv. Dette arbeidet skal vera starta opp innan januar 2017, og forslag til innhald i, og gjennomføring av prosjektet skal vera klart innan utgangen av juni. Kostnadene knytt til pilotprosjektet vert dekkja over opplæringsavdelinga sitt budsjett.

Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|------------|------------------|-----------------|----------|----|----|----|-----|-----|----|----|----|-----|------------------|----|----|----|-----|-------------------|-------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | | ST |
| SUNNHORDL. | Bømlo vgs | 273 | | | | | 60 | 90 | 60 | | - | 60 | | | | | | 180 | 450 |
| | Rubbestadnes vgs | 146 | | | | | | | | | | | | | | | | | 0 |
| | Fitjar vgs | 227 | | | | 30 | | 120 | | | 30 | | | | | | | 30 | 210 |
| | Stord vgs | 753 | 35 | 62 | 60 | | 120 | | | | | 45 | 90 | 30 | 90 | 90 | 90 | 360 | 1 072 |
| | | 1 399 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 732 |

Status gjennomføring av vedtak

Bømlo vgs

Skulen deltek i utviklingsprosjekt med næringslivet. Det er elles ingen aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

- Sak om tomteval for verkstadsareal til nye Bømlo vgs til politisk handsaming vår 2019. Rom- og funksjonsprogram desember 2019.

Rubbestadnes vgs

Skulen deltek i utviklingsprosjekt med næringslivet. Det er elles ingen aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Fitjar vgs

- Det er ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen

Stord vgs

- Forhandlingar med Stord kommune vedr. mogleg sal av Saghaugen pågår. Planlagt politisk sak i juni 2019, avhengig av utgreiingar hos Stord kommune.
- Rom- og funksjonsprogram til politisk handsaming i desember 2019. Omfang av ombygging/nybygg er avhengig av eventuelt vedtak om sal av Saghaugen.

Prosjekt næringslivet

Fylkestinget fatta i oktober 2016 (sak 72/16) vedtak om å greie ut eit pilotprosjekt på Bømlo som skal styrkje samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at opplæring som krev kostbare investeringar i verkstader og bygg innan yrkesfag kan gjennomførast ute i bedrift. Fylkesrådmannen viser til løypemelding for prosjektet, jf. referatsak RS 6/2019 i fylkestinget 5.3.19.

Prosjektorganisasjonen blei endeleg sett i januar 2018, og prosjektplan blei handsama i fylkesutvalet i mai 2018 (sak 186/2018). Prosjektgruppa har levert ein rapport som har vore handsama og godkjent i styringsgruppa, som ligg til grunn for vidare arbeid for å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv. Denne rapporten gikk som løypemelding til fylkestinget i mars 2019.

Funn og innhald i rapporten sjåast i samanheng med dei prosessane som framover skjer rundt samanslåing av skulane, programmering og utarbeiding av rom- og funksjonsprogram. Det inkluderer arbeid rundt moglege løysingar knytt til utforming og lokalisering av verkstadsareal. Tiltak for å styrke kvalitet i opplæringa og samhandling mellom alle aktørane i opplæringsløpet implementerast frå skulestart 2019 (implementeringsfasen i prosjektet).

Pilotprosjektet har gjennomført ei omfattande informasjonsinnsamling frå skule og arbeidsliv, og har tilrådd å arbeide vidare med ei forbetring av dagens opplæringsmodell i piloteringsperioden 2019 – 2023 der ein arbeider med følgjande:

1. Betre rekruttering til fagarbeidaryrket
2. Heilskapleg oppfølging av elev frå Vg1 fram til fagbrev
3. Betre samarbeid skule og arbeidsliv
4. Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag

5. Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift
6. Betre styring av praksisopplæring
7. Auke grad av hospitering av lærarar

Skulen arbeider våren 2019 konkret med betre styring og oppfølging av opplæring i YFF, der målet er at all praksis skal skje i bedrift. I tillegg er det planlagt programfagsprosjekt innan EL og TIP frå hausten 2019. Desse prosjekta vil vere ein viktig start for auka samarbeid om opplæringa, at elevane får prøvd seg på ulike opplæringsarenaer i både skule og bedrift.

Gjennom prosjektet er det også blitt ei tettare kopling mellom skulen, det private næringslivet og det kommunale nivået når det gjeld rekruttering og samarbeid med opplæringskontor. Desse strukturane må ein bygge vidare på gjennom prosjektperioden.

Fylkesrådmannen er i ein prosess med å lage kravspesifikasjon for eit styringsverktøy som skal betre koordineringa av praksisopplæring i bedrift. Målet er at det skal vere føreseieleg for bedriftene, skulen og elevane kor og når eleven skal ha praksis, kva som er målet med opplæringa og kven som skal følgje opp. Eit slikt system vil også samle samarbeidsavtalar, og mogleggjere at praksisopplæringa løftast opp frå å vere enkeltlæraren sin eigedom til at det vert systematisk på skulenivå.

Eit viktig funn gjennom prosjektet var behovet for ei opplæring tett på næringslivet. Styringsgruppa har tilrådd ei lokalisering av verkstadsareal i nærleik til industrien. Dette vil mogleggjere at elevane får grunnleggjande og trygg praksisopplæring i skulen sine areal, og med moglegheit for spesialisert opplæring i nærliggjande verksemder i industriområdet.

Region Kvinnherad

Det ligg ikkje føre forslag om endringar i skulestruktur i rullert skulebruksplan.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 |
|------------|----------------|-----------------|----------|----|----|----|----|----|----|----|----|-----|----|------------------|----|----|-----|----|-----|-------------------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | |
| KVINNHERAD | Kvinnherad vgs | 390 | 10 | 16 | 45 | | 30 | 60 | | | | | 45 | 30 | | | | | 180 | 416 |
| | | 390 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 416 |

Status gjennomføring av vedtak

Kvinnherad vgs

Det er ingen tiltak i Skulebruksplanen.

- All aktivitet knytt til EL er samla i nytt verkstadbygg.
- Tiltak knytt til universell utforming pågår.

Region Odda

Tidlegare vedtak om dimensjonering vert i hovudsak vidareført

Det er ikkje planlagt større endringar i bygg utover pågåande rehabilitering av yrkesfagbygget

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | | Elev-plassar 2030 |
|--------|----------|-----------------|----------|----|----|----|----|----|----|----|----|-----|----|------------------|----|----|-----|----|-----|-------------------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | |
| ODDA | Odda vgs | 272 | 10 | 12 | 15 | | 30 | 30 | | | | | 60 | | | | | | 180 | 337 |
| | | 272 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 337 |

Status gjennomføring av vedtak

Odda vgs

- Hausten 2018 var siste byggefase ved skulen ferdig. Yrkesfagbygget er totalrehabilitert, og inkluderer personalrom, administrasjon, klasserom og verkstad for yrkesfag. I tillegg er gymsal og garderobar rehabilitert. Nyopning desember 2018.
- Gjennomføring av UU-tiltak i gymnasbygg sommar/haust 2019

Region Kvam

Ny skule er planlagt ferdigstilt i 2027. Ny skule i Kvam skal lokaliserast i Norheimsund og erstattar Norheimsund vgs og Øystese gymnas som vert avvikla. Det skal innleiast samtalar med Kvam kommune for å sikra ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund

BA vert lagt ned i regionen

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|--------|----------|-----------------|----------|----|----|----|----|----|----|----|----|-----|----|------------------|----|----|-----|----|-------------------|-----|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | |
| KVAM | Kvam vgs | 261 | 10 | 12 | | | 30 | 30 | | | | | 30 | | | | | | 180 | 292 |
| | | 261 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 292 |

Status gjennomføring av vedtak

Kvam vgs

- Pågår dialog med Kvam om lokalisering og regulering av tomt sentralt i Norheimsund.
- Sak om samlokalisering til FUV juni 2019

Region Voss

For skulane på Voss vert tidlegare vedtak i hovudsak vidareført

Hjeltnes vgs blir lagt ned. Tilboda anleggsgartnar og idrettsanleggsgfag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert flytta til hhv Nye Voss vgs og Nye Voss gymnas. Fylkeskommunen skal medverka til at det kjem på plass ei løysing med ny aktivitet i lokala til Hjeltnes vgs.

Framtidig skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod i regionen:

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | YRKESFAG | | | | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | Elev-plassar 2030 | |
|--------|-------------|-----------------|----------|----|----|----|----|----|-----|----|----|-----|----|------------------|----|----|-----|----|-------------------|-----|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | ST | | |
| VOSS | Voss gymnas | 573 | 20 | | | 45 | | 60 | | | | 30 | | 45 | | 45 | 135 | 90 | 180 | 650 |
| | Voss vgs | 385 | | 20 | 45 | | 30 | | 135 | 30 | | 75 | | | | | | | | 335 |
| | | 958 | | | | | | | | | | | | | | | | | | 985 |

Status gjennomføring av vedtak

Hjeltnes vgs

- Vedtatt investeringsplan for fagskule og produksjonsskule på Hjeltnes implementerast frå hausten 2018, og vil pågå heile 2019.
- Bygd eit undervisningskjøkken for fagskulen sitt fagtilbod «lokal matkultur».

Voss gymnas

Ferdigstilt sommaren 2018. Nyopning september 2018.

Voss vgs

Det er ingen tiltak i skulebruksplanen.

Oppsummering

Tabellen under viser den samla dimensjoneringa i Hordaland fram mot 2030 etter vedtak fylkestinget i oktober 2016, desember 2016 og mars 2017. Stord vgs er også justert ned totalt 60 plassar på TIP og EL, jf. RS 9/2018 i OPHE 6.2.2018 og RS 26/2018 i FUV 21.2.2018

| REGION | SKULE | Elevtal 2018/19 | | | YRKESFAG | | | | | | | | STUDIEFØREBUANDE | | | | | Elevplassar 2030 | |
|----------------|----------------------|-----------------|-----|-----|----------|-----|-------|-------|-----|-----|-----|-------|------------------|-----|-----|-----|-----|------------------|--------|
| | | | AO | TO | BA | DH | EL | HO | NA | RM | SS | TIP | PB | MK | MD | ID | KDA | | ST |
| NORDHORDL. | Austrheim vgs | 222 | | | 30 | | 30 | 30 | | | | 60 | 30 | | | | 90 | | 270 |
| | Knarvik vgs | 988 | | 48 | 75 | 75 | 30 | 90 | | | | 75 | 90 | | | | 270 | | 753 |
| | | 1 210 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 023 |
| ARNA REGION | Arna vgs | 283 | | 8 | 60 | | | 60 | | | | | 90 | | | | | 90 | 308 |
| | Osterøy vgs | 183 | | 12 | | | 30 | 30 | | | | 60 | | | | | | 90 | 222 |
| | | 466 | | | | | | | | | | | | | | | | | 530 |
| BERGEN NORD | Åsane vgs | 430 | 50 | 60 | 120 | | | 90 | 210 | | | 105 | 90 | | | 180 | | | 995 |
| | Tertnes vgs | 687 | | | | | | | | | | | | | | | 630 | | 630 |
| | | 1 117 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 625 |
| BERGEN SENTRUM | Amalie Skram vgs | 1 057 | | 20 | | | | | | | | 135 | | 60 | 90 | | | 720 | 1 025 |
| | Bergen Katedralskole | 765 | 50 | | | | | | | | | | | | | | 648 | | 698 |
| | Bergen maritime vgs | 255 | | | | | | | | | | | | | | | | | 0 |
| | Årstad vgs | 968 | 50 | 62 | | 165 | 105 | 360 | | | | | 150 | 60 | | | 90 | 180 | 1 222 |
| | | 3 045 | | | | | | | | | | | | | | | | | 2 945 |
| BERGEN SØR | Austevoll vgs | 136 | | 4 | | | | 15 | 45 | | | | 45 | | | | | 30 | 139 |
| | Langhaugen vgs | 630 | | | | | | | | | | | | | 180 | | | 450 | 630 |
| | Nordahl Grieg vgs | 931 | 50 | 16 | | | | 135 | | | | | | 180 | | | | 630 | 1 011 |
| | Sandsli vgs | 528 | | 10 | | | | | | | 165 | | | | | | | 450 | 625 |
| | Slåtthaug vgs | 566 | | 12 | 135 | | 135 | 180 | | | | | 165 | 90 | | | | | 717 |
| | Stend vgs | 541 | | 88 | | | | | | 120 | | | 90 | | | | 180 | | 478 |
| | | 3 332 | | | | | | | | | | | | | | | | | 3 600 |
| BERGEN VEST | Fyllingsdalen vgs | 572 | | 8 | | | | 120 | | | | | | | 180 | | | 360 | 668 |
| | Nye Laksevåg vgs | 382 | | | 90 | | 135 | | | | | | 180 | | | | | | 405 |
| | Olsvikåsen vgs | 585 | | 40 | | | | 105 | | | | | | | | 90 | 360 | | 595 |
| | | 1 539 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 668 |
| ASKØY | Askøy vgs | 530 | | 28 | 105 | | 60 | 120 | | | | | 105 | | | | | 540 | 958 |
| | | 530 | | | | | | | | | | | | | | | | | 958 |
| SOTRA | Sotra vgs | 821 | | 32 | 45 | 45 | 75 | 120 | | | 60 | | 105 | | | | 90 | 540 | 1 112 |
| | | 821 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 112 |
| OS - FUSA | Fusa vgs | 300 | | 5 | | | | 60 | 30 | 30 | | 75 | 30 | | | | 90 | | 320 |
| | Os gymnas | 222 | | | | | | | | | | | | | | | | 360 | 360 |
| | Os vgs | 467 | | 11 | 120 | | 75 | 120 | | | | 120 | 180 | | | | | | 626 |
| | | 989 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 306 |
| SUNNHORDL. | Bømlo vgs | 273 | | | | | 60 | 90 | 60 | | - | 60 | | | | | | 180 | 450 |
| | Rubbestadnes vgs | 146 | | | | | | | | | | | | | | | | | 0 |
| | Fitjar vgs | 227 | | | | 30 | | 120 | | | 30 | | 30 | | | | | | 210 |
| | Stord vgs | 753 | 35 | 62 | 60 | | 120 | | | | | 45 | 90 | 30 | 90 | 90 | 90 | 360 | 1 072 |
| | | 1 399 | | | | | | | | | | | | | | | | | 1 732 |
| KVINNHERAD | Kvinnherad vgs | 390 | 10 | 16 | 45 | | 30 | 60 | | | | 45 | 30 | | | | | 180 | 416 |
| | | 390 | | | | | | | | | | | | | | | | | 416 |
| ODDA | Odda vgs | 272 | 10 | 12 | 15 | | 30 | 30 | | | | 60 | | | | | | 180 | 337 |
| | | 272 | | | | | | | | | | | | | | | | | 337 |
| KVAM | Kvam vgs | 261 | 10 | 12 | | | 30 | 30 | | | | 30 | | | | | | 180 | 292 |
| | | 261 | | | | | | | | | | | | | | | | | 292 |
| VOSS | Voss gymnas | 573 | 20 | | | 45 | | 60 | | | | 30 | | 45 | | 45 | 135 | 90 | 180 |
| | Voss vgs | 385 | | 20 | 45 | | 30 | | 135 | 30 | | 75 | | | | | | | 335 |
| | | 958 | | | | | | | | | | | | | | | | | 985 |
| | Sum | 16 329 | 285 | 586 | 945 | 360 | 1 065 | 2 145 | 390 | 315 | 525 | 1 650 | 585 | 450 | 495 | 675 | 360 | 7 698 | 18 529 |

Kommentar til tabell: 60 plassar innan TO frå Laksevåg er ikkje dimensjonert i tabellen over, og det vert arbeidd med lokalisering av desse elevplassane.

Tabellen viser ei totaldimensjonering på 18 529 elevplassar. Samanlikna med fylkesrådmannen si tilråding til skulebruksplan er dette 225 fleire elevplassar totalt. Denne overkapasiteten vil fylkesrådmannen måtte ta omsyn til i dei større prosjekta som skal programmerast framover.

Investeringsplan – gjennomføring

Investeringsplan

For gjennomføringa av tiltaka i skulebruksplanen er det lagt til grunn eit årleg investeringsnivå på omlag 500 mill. kr for opplæringssektoren fram mot 2030. Vedtaka i fylkestinget i mars 2017 knytt til sakene «Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg» og «Budsjett 2017 – endringar – ny gjennomgang av investeringsbudsjettet» gjorde det naudsynt å korrigere investeringsplanen i 2017. Ny fagskule og yrkesfagleg vgs på Laksevåg innebar ei forskyving på om lag eitt år på dei prosjekta som kjem etter dette. Investeringsplanen er ikkje endra sidan sist løypemelding.

Gjennomføring

Basert på gjeldande vedtak, byggteknisk standard, kapasitetstrong og årleg investeringsnivå arbeider fylkesrådmannen utifrå ei prioritering av tiltak og tid for gjennomføring som vist i tabellen under:

| Skule | Tiltak | Tiltak | |
|-----------------------|--|--------------|-----------|
| | | Vert avvikla | Vert opna |
| Nye Voss gymnas | Gjennomføring av vedtatt forprosjekt | | 2017 |
| Arna vgs, Tunes | Avviklast innan 2017 og seljast | 2017 | |
| Tertnes vgs | Gjennomføring av vedtatt programmering | | 2018 |
| Bergen Katedralskole | Gjennomføring av vedtatt forprosjekt | | 2018 |
| Nye Åsane vgs | Vedtatt i skulebruksplan 2012. Areal i dag inkludert bygg på Lønborg. Nytt arealtal frå investeringsbudsjett | | 2020 |
| Nye Åsane vgs | Nye Åsane vgs byggestart 2018, gjennomføring av vedtatt programmering. Vaksenopplæring, fengselsundervisning, kulturhus eigd av Bergen kommune | | 2020 |
| Odda vgs | Gjeld rehabilitering av bygg for yrkesfag. Vert investeringsprosjektet frå 2017. Totalkost 115mill. 35 mill. gjennom post for større vedlikehald i 2016 | | 2018 |
| Etne vgs | Kommune overtar bygg i 2023. Bygg på Tesdal seljast 2017 | 2017 | |
| Hjeltnes vgs | «Austtun» og «Vesttun» vert selt. Etablerer produksjonsskule i 2018. | 2017 | |
| Norheimsund vgs | Bygg i Steinsdalen seljast | 2017 | |
| Laksevåg vgs | Studieførebuande utdanningsprogram vert avvikla (ST og MK) | 2018 | |
| Laksevåg vgs | Yrkesfagleg utdanningsprogram, lærlingskule, TO og PB vert flytta Skulen vert tømt /avvikla for å gi plass til Fagskolen i Hordaland og Nye Laksevåg vgs (ny samanslått skule: Laksevåg vgs / Bergen maritime vgs). Start byggearbeid | 2020 | |
| Bergen maritime vgs | TIP og EL etablert på Nedre Nygård (tidlegare Bergen maritime vgs) Bergen maritime vgs = Nye Laksevåg vgs | 2020 | |
| Lønborg avd Åsane vgs | Seljast 2 år før nedlagt | 2020 | |
| Askøy vgs | Delvis rehabilitering av 50%. 50% rivast. 10 000 m2 nytt areal. | | 2022 |

| | | | |
|--|--|------|------|
| Langhaugen vgs | Nytt bygg for kroppsøving og musikk. 2000m2. Ein eventuell ekstra parallell MDD vil krevje ytterlegare 1250 m2. Konsertsal/auditorium vil krevje nye 500 m2. | | 2022 |
| Rubbestadneset | Seljast 2 år før nedlagt | 2022 | |
| Bømlo vgs | Nybygg for TIP/EL i «Vekslingsmodell» skule næringsliv | | 2022 |
| Stord vgs, Vabakkjen | Eksisterande verkstader rehabiliterast og utvides. Klasseromsbygg får delvis rehabilitering. FEF-areal. Heiane vert seld. | | 2022 |
| Stord vgs, Saghaugen | Avgrensa tiltak i samband med samanslåing | | 2022 |
| Slåtthaug vgs | Delvis rehabilitering av 70% av arealet | | 2023 |
| Nedre Nygård | Bergen maritime vgs/fagskole. Seljast 3 år før avvikling | 2023 | |
| Fagskolen i Hordaland / Nye Laksevåg vgs | Fagskolen i Hordaland og Nye Laksevåg vgs (ny samanslått skule: Laksevåg vgs / Bergen maritime vgs). Rehabilitering A og B bygg. Nybygg | | 2023 |
| Årstad vgs | Innomhus rehabilitering av C-bygget. Totalareal på Årstad vgs 32043m2 | | 2025 |
| Sotra vgs, Bildøy | Seljast 2 år før nedlagt | 2025 | |
| Sotra vgs, Sund | Seljast 2 år før nedlagt | 2025 | |
| Nye Sotra vgs | Etablere ny skule i kollektivknutepunkt Straume/Bildøy. FEF-areal | | 2025 |
| Knarvik vgs, Kvernhusmyrane | Seljast 2 år før nedlagt | 2027 | |
| Knarvik vgs, Juvikstølen | Tilbygg for å dekke utdanningsprogram som er på Kvernhusmyrane. FEF-areal | | 2027 |
| Austrheim vgs | Seljast 2 år før leggst ned | 2027 | |
| Nye Austrheim vgs | Nybygg parallelt med Knarvik | | 2027 |
| Norheimsund vgs | Seljast 2 år før nedlagt | 2027 | |
| Øystese gymnas | Seljast 2 år før nedlagt | 2027 | |
| Nye Kvam vgs | Ny skule, FEF-areal | | 2027 |
| Arna vgs, Vestivegen | Seljast 2 år før nedlagt | 2028 | |
| Arna vgs, Garneshøgda | Seljast 2 år før nedlagt. Vurderast for sal tidlegare. | 2028 | |
| Nye Arna vgs | Ny skule, FEF-areal | | 2028 |
| Fitjar vgs | Nybygg på sikt som erstatning for hovudbygg | | 2028 |

